



No har fangsten av 5 store oppdrettslaksar som 3 forskarar frå UNIMiljø gjennomførte i Uskedalselva fredag kome på You Tube. Hvis du skriv namnet på elva får du sjå nesten 6 minuttar som styremedlem i elveeigarlaget Frode Stensletten tok opp i Gravehølen under fangstoperasjonen. Den vart gjennomført av forskarane med harpun. Ein fisk vart fanga i denne hølen og heile operasjonen er filma.

Den største fangsten skjedde i Bjørkehølen der forskarane tok opp 3 fiskar. Ein av dei var hannfisker på 15,5 kilo. Vi har enno ikkje høyrte anna enn at dette er den nest største fisken som er teke i elva. Men Arne Terje Haugland seier til uskedalen.no at dette er den styggaste laksen han har sett.

På biletet som er klipt frå filmen er 2 av forskarane på veg mot land med fisken som er harpunert.